

TILDELINGSREGLEMENT

Studentsamskipnaden på Vestlandet – Saman Bustad

§ 1 INNLEIING

Dette reglementet gjeld for tildeling av bustader som Studentsamskipnaden på Vestlandet, heretter kalla Saman / Saman Bustad, eig og driv, og er eit tillegg til leigeavtalen.

Direktøren for Saman Bustad eller den som får fullmakt, kan gi dispensasjon til fordel for leigetakarane frå alle føresegner i dette reglementet.

§ 2 RETT TIL Å SØKJE

1. Studentar ved utdanningsinstitusjonar som er knytte til Saman, og som har betalt semesteravgifta, har rett til å søkje. Studentar som planlegg å studere ved utdanningsinstitusjonar som er knytte til Saman, kan òg søkje.
2. Studentar ved andre utdanningsinstitusjonar, eller doktorgradsstudentar (ph.d.) som ikkje har betalt semesteravgifta, kan òg søkje. Desse har prioritet bak studentane som er nemnde i punkt 1. Det gjeld eigne leigesatsar for desse søkjarane, og leigeperioden er tidsavgrensa til 31.07.
3. Studentar som søker bustad hjå Saman Bustad, må vere fylt 18 år.
4. Hyblar og hybelleigheiter er for studentar som bur åleine.
5. Leilegheiter er for studentar som bur åleine, eller for par utan barn.
6. Familiar med barn er prioriterte til familiebusstader.
7. Søkjarar som tidlegare er oppsagde etter § 13 i leigeavtalen, vil ikkje få bustad.
8. Ein søkjar som sjølv har sagt opp, kan ikkje tildelast bustad på nytt før etter minimum eitt semester.

§ 3 SØKNADSRISTAR

1. Det er hovudtildeling med søknadsfrist 15. april, jf. § 6.
2. Utanom hovudtildelinga blir bustader tildelte fortløpande, jf. § 7.

§ 4 OPPLYSNINGSPLIKTA TIL SØKJAREN

1. Søkjarane pliktar å gi rette og fullstendige opplysningar som er viktige for vurderinga av søknaden. Det må leggjast fram dokumentasjon ved innflytting.
2. Søkjarar kan prioriterast på grunnlag av dokumenterte medisinske forhold. Dokumentasjonen må leggjast fram ved søknad.
3. Urette opplysningar som er vesentlege og som er gitt i søknad eller seinare, medfører at leigeavtalen kan kjennast ugyldig og leigeforholdet kan hevast.

§ 5 BUTID

1. Maksimal butid i Saman Bustad sine bustader er avgrensa til det som skjer først av
 - a) normert studietid
 - b) 5 år
2. Ein kan søkje om butid utover a) og b) dersom det har vore opphald i studiet på grunn av sjukdom eller anna.

§ 6 PRIORITERINGSREKKJEFØLGJE VED HOVUDTILDELINGA

1. Leigebuarar som ønskjer ein ny leigeavtale, og der buvilkåra framleis er tilfredsstillande
2. Internasjonale studentar som har reservert bustad i samsvar med avtale mellom Saman Bustad og utdanningsinstitusjonane
3. Dei yngste studentane med heimeadresse utanfor postnummera som er knytte til den enkelte studiestaden

Studentar som har fått barnehageplass hjå Saman Bustad, skal prioriterast når familiebustader skal tildelast.

Rekkjefølgja mellom søkjarar som har lik prioritet, skal avgjerast ved loddtrekking.

§ 7 PRIORITERINGSREKKJEFØLGJE VED TILDELING UTANOM HOVUDTILDELING

1. Utanom hovudtildelinga er det fortløpande tildeling, prioritert etter søknadstidspunktet. Studentar som har fått barnehageplass hos Saman Bustad, skal prioriterast når familiebustader skal tildelast.
2. Rekkjefølgja mellom søkjarar som har lik prioritet, skal avgjerast ved loddtrekking.

§ 8 PRIORITERINGSREKKJEFØLGJE VED INTERNT BYTE

1. Søknadene blir prioriterte etter søknadstidspunkt og etter kva grunnlag ein søker om byte på.

§ 9 HØVE TIL Å ANKE

Eit avslag på søknad om bustad kan ankast inn til direktøren for Saman Bustad. Anken skal vere grunngitt, og ein må leggje ved eventuelle attestar og dokumentasjon. Anken skal sendast til Saman Bustad seinast fjorten – 14 – dagar etter at ein fekk avslaget.

§ 10 TEIEPLIKT

Alle som behandlar saker etter dette reglementet, har teieplikt om private forhold som dei får kjennskap til under saksbehandlinga.

§ 11 REGLEMENTSENDING

Styret til Saman kan endre dette reglementet etter eige forslag eller etter forslag frå administrerande direktør.

IKRAFTTREDING

Dette reglementet tek til å gjelde 01.02.18 og erstattar tidlegare tildelingsreglement.